



STRAND KOMMUNE

Referat frå SU-møte 02.06.26 Nordre Strand oppvekstsenter

Tid: 02.06.26 kl. 19-20
Stad: NSO, personalrommet

Til stades: Siv E. Karlsen
Ingunn Gjeitanger
Trine Sørskår
Renate H. Gjerde
Målfrid A. Ringsby
Kine Marie K. Eie
Hans Marius Våga
Bjørn Sølve Barka
Marielle Alsvik

Forfall: Andre F. Fjelde

Referat:

1. Nytt frå barnehagen:
 - a. Arbeider no med neste års organisering, og har tilsett ny vikar.
 - b. Arbeider med «trafikk sikker barnehage og skule» – særskilt med dette no i juni. Vurderer i samarbeid med skulen å minne foreldre om trafikkreglane på området.
 - c. Sjukefråveret har gått ned i det siste.
 - d. Økonomien går greitt, er ca. i 0. Har fått ekstra midler til toppa bemanning.
2. Nytt frå SFO:
 - a. Arbeider med grønsakshagen i SFO-tida, og det er ein positiv aktivitet for barna!
 - b. Det er auka tal på SFO til hausten, og me jobbar no med organisering og bemanningsplan.
3. Nytt frå skulen:
 - a. Har fått 40 000,- i midler til praktisk opplæring av Kunnskapsdepartementet, og me vil bruke dette på å vidareutvikle uteskulesatsinga vår.
 - b. Økonomien går greitt; me er litt i minus bl.a. grunna underfinansiert skyss, men får snart ein ekstrapott for gratis kjernetid i SFO.

- c. Samarbeidet med UiS i vår har vore nyttig og utviklande, og me har fokusert på å utvikle undervisningspraksis. Til hausten skal både barnehage og skule ha samarbeid med Oppfølgingsordninga hjå Statsforvaltaren. I tillegg har me ein søknad inn hjå UiS om å samarbeide med å utvikle uteskulesatsinga vår.
4. Nytt frå FAU:
 - a. Skuleskyss: Rektor får lov å sjekke ut høvet for innsparingar gjennom at foreldre i gitte periodar seier frå seg (deler av) retten til skyss. Dette er under føresetnad av at det er 100% frivillig utan press og at ordninga blir gjort fleksibel.
 - b. Grillfest: Det blir sommarfest på NSO tor. 11.06 kl. 17:00.
 - c. Kanoar: Har fått pengar frå Rogaland Sparebank. Inviterer RS til grillfesten og spør om dei ønsker å gjere overrekkinga der. Rektor sjekkar ut det praktiske kring overføring av midler, bestilling av kanoar og tidspunkt for levering.
 - d. Det har vore ei vellukka kronerulling for å få til innkjøp av hjartestartar, og denne er no levert til skulen. Rektor går i dialog med kommunen om at kommunen overtar ansvar for montering, drift og vedlikehald.
 - e. Første FAU-møte til hausten blir 01.09.26 kl. 18:00.
 - f. Generasjonsleikane blir laur. 12.09 kl. 12-15. Me gler oss!
 5. Nytt frå elevane:
 - a. Ønsker å få til gøyemeleiken inne for heile skulen før skulen sluttar før sommaren.
 - b. Vil ha sett opp dei nyaste årgangane av klassebilete i gangen mot mat og helse-rommet, då desse er veldig populære å sjå på.
 - c. Det blir overnatting på skulen for 7. trinn tor. 04.06 - fre. 05.06.
 6. Ymse
 - a. Tips til skulen om å bli med på Abel-konkurranse, og styrke fokuset på matematikk – i tillegg til lesesatsinga me allereie har.
 - b. Minne om Sommerles-konkurranse til alle elevar og foreldre/føresette.

Neste SU-møte blir 01.09.26 kl. 19:00.

Hans Marius Våga
verksemdsleiar
Nordre Strand oppvekstsenter